

Aukra 28.02.2022

Høyring til sak om lovendring

Som medlem, aktiv teaterleiar og tillitsvald, støttar eg framlegg og uttale frå Bergen Ungdomslag Ervingen.

Grunngjeving:

Noregs ungdomslag er meir enn berre organisering av fritidsaktivitetar. Kulturformidling, folkeopplysning og haldningsskapande arbeid må framleis stå sterkt i organisasjonen.

Kampen for det nynorske skriftmålet er ikkje «historisk». Nynorsk vert framleis undertrykt og kampen for levande nynorsk og skriftkulturen - er no.

Gjennom bruk - kvar dag - tek me vare på og formar haldningane våre til eigen kultur og identitet.

Me må rekne med at dei som vert tilsette i organisasjonen sentralt har gode allmennkunnskapar og kan skrive og uttrykke seg på nynorsk. Haldning og vilje til å bruke nynorsk må være like sjølvsgt som evna.

På same vis må me vente at dei øvste tillitsvalde stiller seg bak verdiane til organisasjonen. Difor er det trist å høyre at det vert opplevd hemmande å skrive nynorsk. Kvar vart viljen og det haldningsskapande arbeidet av ?

Heidi Løklingholm,

Teaterleiar i Gossen Frilynde Ungdomslag